



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Midsund kommune

Tilsynsdato: 02.11.2017

Rapportdato: 28.11.2017

Innhold

| | | |
|----------|--|----------|
| 1 | BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.1 | FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG..... | 3 |
| 1.2 | PÅLEGG OM GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.3 | TILSYNSTEMA | 3 |
| 1.4 | GRUNNLAGSDOKUMENTASJON..... | 4 |
| 1.5 | GJENNOMFØRING | 5 |
| 2 | HOVUDINNTRYKK | 6 |
| 3 | RESULTAT FRÅ TILSYNET | 7 |
| 3.1 | MERKNADER | 7 |
| 4 | VIDARE OPPFØLGING | 8 |

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

| | |
|---|---|
| Tidspunkt for tilsynet: | 03.10.2017 (formøte) 02.11.2017 (tilsyn) |
| Adressa til kommunen: | Utsidevegen 131, 6475 Midsund |
| Kommunenummer: | 1545 |
| Kontaktperson i kommunen: | Astrid Abelseth |
| Fylkesmannen sitt tilsynslag: | Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er skriven av: | Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er godkjent av: | Helge Møgstad |
| Førebels tilsynsrapport sendt: | 17.11.2017 |
| Endeleg tilsynsrapport sendt: | 28.11.2017 |

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Midsund kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2017.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

| Nr. | Dokument | Datering | |
|-----|---|------------------------------------|--------------|
| 1. | Beredskapsoversyn for Midsund kommune | 18.07.2017 | |
| 2. | Heilskapleg ROS-analyse Midsund kommune 2017 | 17.10.2017 | |
| 3. | Beredskapsplan 2017 | 18.07.2017 | |
| 4. | Plan for beredskapssekretariatet | Ikkje datert | |
| 5. | Plan for omsorgsberedskap i Midsund kommune | 00.06.2017 | |
| 6. | Planstrategi 2016 – 2020 | 15.12.2016 | |
| 7. | Grunnlagsdokument for kommunal planstrategi 2016 – 2020 | Ikkje datert | |
| 8. | Planoversikt for Midsund kommune pr. 2016 | Ikkje datert | |
| 9. | Vedtak i kommunestyret – Kommunal planstrategi 2016 – 2020 | 15.12.2016 | |
| 10. | Beredskapskort – Midsund kommune | Ikkje datert | |
| 11. | Pandemiplan for Midsund kommune | 03.07.2016 | |
| 12. | Smittevernplan for Midsund kommune | 03.07.2016 | |
| 13. | Tuberkulosekontrollplan for Midsund kommune | 03.07.2016 | |
| 14. | Samarbeidsavtale om beredskap mellom Midsund kommune og Røde Kors | 17.10.2017 | |
| 15. | Evaluering etter hending – Lyngbrann Bløkallen | 03.10.2017 | |
| 16. | Kommuneplan Samfunn | 01.09.2011 | |
| 17. | Trafikktryggingssplan 2014 – 2018 | 08.05.2014 | |
| 18. | Interkommunal plan for Romsdalsfjorden | Ikkje datert | |
| 19. | E39 Vestnes – Molde Kommunedelplan og konsekvensutgreiing | 23.09.2013 | |
| 20. | Skredfarevurdering – Midsund kommune | 31.08.2017 | |
| 21. | Risikokart Midsund kommune – diverse utgåver | Ikkje datert | |
| 22. | Regional ROS-analyse for brannvesen i ROR kommunar 2017 | 07.04.2017 | |
| 23. | Mandat for arbeidsgruppe – beredskap | <i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i> | 01.11.2017 |
| 24. | Evaluering etter varslingsøving 2017 | <i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i> | 04.10.2017 |
| 25. | Evaluering etter øving Fårikål 2017 | <i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i> | 23.10.2017 |
| 26. | <i>Plan for kriseleiinga</i> | <i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> | Ikkje datert |
| 27. | Plan for varsling | <i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> | Ikkje datert |
| 28. | ROS-analyse, arealplan 2018 – 2024 – Under arbeid | <i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> | 29.08.2017 |
| 29. | Årsplan for arbeid med kommunal beredskap | <i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> | Ikkje datert |
| 30. | Evaluering av øving Fårikål 2017 | <i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> | 23.10.2017 |
| 31. | Mandat for arbeidsgruppe beredskap – Nye Molde | <i>(mottatt etter tilsynsmøte)</i> | 01.11.2017 |

1.5 Gjennomføring

Formøte med Midsund kommune vart gjennomført 03.10.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 02.11.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

| Deltakarar | Stilling | Formøte | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|--------------------|----------------------|----------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Odd Helge Gangstad | Ordførar | | X | X | X |
| Ketil Ugelvik | Rådmann | X | X | X | X |
| Astrid Abelseth | Beredskapskontakt | X | X | X | X |
| Stine Sætre | Fylkesberedskapssjef | | X | X | X |
| Atle Morsund | Rådgjevar | X | X | X | X |

2 Hovudintrykk

Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen sin heilskapleg ROS-analyse er frå 2014, og analysen oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. For å oppfylle forskrifta sine krav skal kommunen sørge for at relevante offentlege og private aktørar inviterast med i arbeidet med utarbeiding av ROS-analysen. Det går ikkje tydeleg fram kven av relevante offentlege og private aktørar som har vore med i analysearbeidet i Misund kommune, og korleis.

Kommunen har på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen utarbeidd ein handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna. Dei langsiktige måla, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap bør forankrast i overordna planer.

Beredskapsplan er sist revidert i juli 2017, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. Plan for krisekommunikasjon med tilsette er ei minimumsløysing. Samordning og integrering av øvrige beredskapsplanar i kommunen i beredskapsoversynet kunne vore betre beskrive, også kva gjeld eventuelle eksterne planar.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd, og som evaluerar. Kommunen har faste rutinar for møter i kriseleiinga. Det går ikkje fram kva rutinar kommunen har for møter i beredskapsrådet.

Potensialet for forbetring ligg mellom anna i å flytte enkelte ting frå Beredskapsplan til beredskapsoversynet slik at beredskapsplanen blir meir operativ. Vurdere om varslingslister og ressursoversiktar kan flyttast til CIM.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

To forhold er kommentert som merknader.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør:

- Beskrive/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Forankre langsiktige mål, stategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen

Merknad nr. 2

Kommunen bør:

- Revidere/presisere oversikt over øvrige beredskapsplanar i kommunen, også eksterne, i beredskapsoversynet.
- Revidere beredskapsplanen med utgangspunkt i funn/tiltak i handlingsplan til ROS-analysen, for betre å imøtekome forskriftskrava.
- Revidere beredskapsplanen for betre å stette krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. plan for kriseinfo til tilsette.
- Vurdere å flytte varslingslister og ressursoversiktar til CIM.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Midsund kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.